



Karmøy kommune  
Postboks 167  
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar  
Ross Porter, 51 56 87 86

## Innsending av budsjettdokument for 2024

Vi vil med dette brevet minne om at kommunen skal sende budsjett for 2024 og økonomiplan for 2024-27 til oss så snart dei er behandla av kommunestyret og seinast innan 30 dagar etter vedtak. Reglane følger av kommunelova §14-3, og fristar gitt i § 5–16 i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv. Kommunen skal sende oss ein økonomisk oversikt over drift som opplista i forskrifta § 5-6.

Statsforvaltaren si oppgåve er å rettleie og føre tilsyn med kommunale budsjett og økonomiplanar. For å kunne vere ein konstruktiv samarbeidspartnar for kommunane, er det viktig at vi er oppdatert om sentrale politiske vedtak som årsbudsjett og økonomiplan. Statsforvaltaren brukar vidare dokumenta for å vurdere om kommunar skal ut av eller inn i register over kommunar underlagt vilkårsbunden kontroll, ROBEK.

Følgjande dokument skal sendast til Statsforvaltaren:

- økonomiplan med vedtak fatta av kommunestyret
- årsbudsjett med vedtak fatta av kommunestyret
- saksdokument frå formannskapet med kommentarar knyta til desse

Dei obligatorisk oversiktene må være oppdatert etter vedtaka i kommunestyret og vere i tråd med oppstillingane i forskrifta § 5-4 – 5-7.

Vi ser helst at de nyttar elektronisk innsending eller i pdf-format til [sfropost@statsforvalteren.no](mailto:sfropost@statsforvalteren.no).

Av arkivmessige omsyn ber vi om at kommunane sender dokumenta inn som faktiske vedlegg. Ei lenkje til elektronisk utgåve av dokumenta er ikkje tilstrekkeleg, da vi ser at dette kan føre til at lenkjene ikkje verkar etter ei viss tid.

Med helsing

Monica Nessa (e.f.)  
avdelingsdirektør

Ross Porter  
rådgiver



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Adresseliste:

Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen